

**Trygg og
framtidsetta**



**Skulebruksplan
2014-2021**
Revidert 2017



Time kommune

Innhold

Innleiing	3
Storleik på skular	3
Arealmessige forhold	4
Status i forhold til oppfølging av tiltak i Skulebruksplan 2014-2021	5
Elevtalsvekst og kapasitet på skulane i Time i perioden 2017-2027	6
Status og forventa elevtalsvekst fram til 2027	7
Bryne skule.....	7
Kulturskulen	7
Bryne ungdomsskule	7
Frøyland skule	8
Frøyland ungdomsskule	8
Hognestad skule	8
Lye skule	8
Lye ungdomsskule.....	8
Rosseland skule	9
Undheim skule.....	9
Framtidige løysningar	9
Moglege framtidige løysingar	11

Innleiing

Førre skulebruksplan blei utarbeidd i 2013 og omhandla perioden 2014-2021. Det er gjennomført fleire tiltak for å imøtekoma elevtalsveksten som blei lagt fram i prognosane i planen. Seinare framskrivingar viser ein nedjustert vekst i forhold til presenterte tal i Skulebruksplanen 2014-2021, og situasjonen og moglegheitene i 2017 er ein annan enn då denne blei skriven i 2013. Endra forutsetning med mindre vekstanslag har medført eit behov om ei revidering av planen, og det blei i sak om Omstilling 2017, KS 042/17 den 19. september 2017 fatta vedtak om at det skulle leggjast fram forslag til ein revidert skulebruksplan.

Revidert Skulebruksplan for 2014-2021 er delt inn i følgjande område:

1. Storleik på skular
2. Status og oppfølging av tiltak i Skulebruksplan 2014-2021
3. Elevtalsutvikling fram i tid
4. Moglege framtidige løysingar

Storleik på skular

Tidlegare var det statleg tilrådd å ikkje ha skular som var større enn 450 elevar. Det er no ikkje statlege føringar på skulestorleik.

Grunnskular i Norge har i gjennomsnitt 220 elevar (2016). Time har fire av ni skular som er under landsgjennomsnittet på elevtal. Sjølv om snittet på skulestorleik er 220 elevar per skule, går likevel 30 % av elevane i Norge på skular som har meir enn 300 elevar. Utviklinga nasjonalt dei seinare åra er at skular med mindre enn 100 elevar har gått kraftig ned, mens det er størst auke av skular med meir enn 500 elevar i sentrale strom. Skulestruktur med skular som har færre elevar enn 300 gjev høgare kostnad rekna per elev, og i Time har fem av ni skular færre enn 300 elevar. Når skulane vert over 500 elevar, krev skulane fleire spesialrom, uteområde og ein annan styringsstruktur. Samla gjev dette høgare kapital- og driftskostnader.

Særskilt i forhold til fag på ungdomsskulane

Når ungdomsskulane overstig om lag 400 elevar passerer ein kapasiteten på spesialrom for praktisk-/ estetiske fag. Dersom skulen skal ta fleire elevar må kapasiteten på spesialrom doblast, og då kan også elevtalet gå mot meir enn det doble.

På ungdomsskulane har elevane rett på eit framandspråk, t.d. tysk, fransk eller spansk. Frå 2015 blei også arbeidslivsfag innført som eit alternativ til andre framandspråk for elevar som ønskjer eit meir praktisk fag. På små skular er det vanskeleg få lærarar som dekkjer alle språkfaga. I tillegg er det vanskeleg å dela elevar i dei ulike språkfaga grunna at gruppene vert for små. Elevane får då mindre valfridom.

Valfag blei innført i 2012 og elevane på ungdomstrinnet skal kunna velja mellom minimum to fag. Det beste er dersom dei kan velja mellom fleire fag, men det krevst kapasitet og kompetanse for å dekkja dette. På skular med mindre enn to klassar per trinn, vil det kunne vera utfordrande å kunna tilby elevane eit rikt val.

Kvalifikasjonskrav for å undervisa

Kvalifikasjonskrava for å undervisa på ungdomstrinnet er årsstudium (60 studiepoeng) i matematikk, norsk og engelsk, og halvårsstudium (30 studiepoeng) i resterande fag. Kvalifikasjonskrava for å undervisa på barnetrinnet er halvårsstudium (30 studiepoeng) i matematikk, norsk og engelsk. Det er vanskeleg å oppfylle dette kravet og intensjonen når skulane vert for små. Kravet har tilbakeverkande kraft, og skuleeigar har fram til 2025 for å sikra at lærarar deltek på vidareutdanning for å vera innanfor lovkrava.

Rekruttering

Lærarar seier sjølv at dei ønskjer å arbeida i profesjonelle fagmiljø, med fleire kollegaer med same fagkrins. Dette er funn som og kom fram av eit innovasjonsprosjekt som blei gjennomført i 2014 i forhold til rekruttering. I samtalanene med lærarar her kom det tydeleg til uttrykk at det viktigaste for dei var å tilhøyra eit profesjonelt fagmiljø med god leiing. Dette fordi det fører til utvikling, og dei har samarbeidspartnarar å planleggja saman med for å kvalitetssikra undervisninga. For å få dette til må det vera minst 2, helst 3, klassar per trinn på skulen.

Arealmessige forhold

Lovar og forskrifter i forhold til skuleanlegg

Det føreligg ikkje statlege arealkrav for skuleanlegg. Arealnormer for grunnskule vert vedteke i den einskilde kommunen, men skal vera i.h.h lovar og forskrifter. Sentralt i denne samanhengen er forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skular, forskrifter vedrørande byggtekniske krav (TEK10) og krav til universell utforming, samt opplæringslova og arbeidsmiljølova.

I veileder til forskrift om miljøretta helsevern er storleik på inneareala i grunnskular og vidaregåande skule presisert (Helsedirektoratet 2014₂):

«Undervisningsrom/Klasserom: Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierte arbeidsformer og tilhørende utstyr.

Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m² per elev. Så lenge inneklimate er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m² per elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m² per elev. Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen.

***Spesialiserte læringsareal:** Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram. Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå.*

Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inn klima som luft, lys og akustikk er ivaretatt (jf. § 14).» (Helsedirektoratet 2014, s. 18-19).

Om uteareala vert følgjande presisert::

***Skolenes utearealer** må være trafiksikre og by på muligheter for fysisk aktivitet, men også sosialt samvær, rekreasjon og hvile. Disse hensynene bør ivaretas allerede ved gjennomgang av reguleringsplan og valg av beliggenhet for skolen.*

***Utformingen** må fremme lek og motorisk utvikling, stimulere til egenaktivitet, men også til organiserte aktiviteter bl.a. i undervisningen. Alle elever må kunne bruke utearealet. Det foreligger generelle anbefalinger om minimum nettoareal per elev på 50 m² justert etter skolestørrelse og beliggenhet (IS-1130 helsedirektoratet).*

For nye skoler er anbefalingen (ref. rapport fra IS-1130/ 2003):

- Færre enn 100 elever samlet minimumsareal ca. 5000 m².
- Mellom 100 og 300 elever samlet minimumsareal ca. 10 000.
- Flere enn 300 elever samlet minimumsareal ca. 15 000 m² med tillegg på 25 m² for hver elev over 300» (Helsedirektoratet 2014, s. 18-19).

Status i forhold til oppfølging av tiltak i Skulebruksplan 2014-2021

Gjennomførte og iverksette tiltak:

- Bryne kompetansesenter med innføringsklassar for grunnskuleelevar (GNO), grunnskule for vaksne (samarbeid med Klepp og Hå) og norsk og samfunnskunnskap (samarbeid med Klepp) er fusjonert og samlokalisert i eige bygg (tidlegare Bryne vidaregåande skule)
- Det er gjennomført ei mindre ombygging på Rosseland skule der det er sett opp vegg mellom kantine og aula for å kunna utnyta romkapasitet betre. Naturfagrom er teke i bruk til vanleg klasserom
- Bryne skule har fått tilført eit ekstra lærarårsverk grunna utfordringar knytt til storleik på klasserom i midtbygget
- Det er oppført nytt tilbygg på Bryne ungdomsskule som gjev ein kapasitet på 450 elevar
- Det er oppført nytt tilbygg m/fleirbrukshall på Frøyland skule som gjev ein kapasitet på 540 elevar
- Prosjektet med ny ungdomsskule og fleirbrukshall i samarbeid med Klepp kommune i Nordlysvegen følgjer framdriftsplanen. Ny skule med kapasitet til 450 elevar, der 225 elevplassar høyrer til Time, skal stå ferdig til august 2020

Gjennomførte tiltak som ikkje var del av planen:

- Elevtalsveksten på Rosseland skule har medført at ein tok i bruk klasseromma i Timehallen for 7. trinn frå skuleåret 2016/2017

Prognosane som låg til grunn for Skulebruksplanen 2014-2021 viste ei framskriving med ein vekst på 800 elevar i perioden. Framskrivinga viste at veksten ville koma på Kverneland og i Bryne sentrum. Seinare prognosar viser fortsatt vekst i desse områda, men anslaget viser seg å vera lågare enn i presenterte tal i Skulebruksplan 2014-2021. Time kommune er med nytt tilbygg m/fleirbrukshall på Kverneland rigga for vekst framover i dette området. Med nytt

tilbygg på Bryne ungdomsskule og samarbeid med Klepp kommune om ny ungdomsskule i Nordlysvegen for 450 elevar er det god kapasitet på ungdomstrinnet over fleire planperiodar.

Uløyste oppgåver som er omtala i planen:

- Kapasitet for å møte vekst i Bryne sentrum
- Kapasitetsutnytting og ressursbruk på grunn av demografi
- Ny symjehall


Uløyste oppgåver som ikkje er omtala i planen:

- Lokalisering av Kulturskulen

Elevtalsvekst og kapasitet på skulane i Time i perioden 2017-2027

Grunnlaget for den nye framskrivinga for grunnskulen er basert på følgjande faktorar;

- Demografiske nøkkeltal (fødslar, dødstal og flytting) for dei fire siste åra
- Planlagd utbygging basert på innmelde prosjekt og arealplanlegging i kommuneplanen som gjeld fram til 2027



Framskrivinga viser at talet på skuleelevar per 2017 er 2564 elevar. Fram mot 2025 aukar elevtalet til 2845. Dette er ei nedjustering på om lag 555 elevar samanlikna med prognosane for 2025 i Skulebruksplan 2014-2021. Diagrammet syner at det nå er størst vekst på barneskulane og innslagspunktet for veksten på ungdomsskulane kjem rundt 2021.

Ei fortsatt utfordring sjølv om veksten, er nedjustert er skeivfordelinga av vekst mellom skulane. Det er Bryne sentrum og Kverneland som som får auken.

Status og forventa elevtalsvekst fram til 2027

I dei følgjande diagramma vert framskriving av tal som syner elevtalsutviklinga to år ut over dei to neste planperiodane presentert. Det er lagt inn kva som er kapasiteten ved den enkelte skulen, som igjen er merka med grønt der det er kapasitet, og raudt der elevtalet har gått over kapasiteten.

Bryne skule

Skulen har kapasitet for 525 elevar. Det var tenkt 3 parallellar med 25 elevar per klasse i alle sju trinna. Klasseromma i midtbygget klarer ikkje ta større elevgrupper enn 21 per rom. Trinn med fleire enn 75 elevar i midtbygget må delast i fleire klassar per trinn enn om romma hadde hatt større kapasitet. Dette medfører at det må tilførast lærarårsverk for ekstra deling.

Bryne skule har ei avdeling for elevar som treng ekstra tilpassing, og dei har fleire elevar som har ekstra utsyr som t.d rullestolar, heisar, m.m.

Forventa elevtalsvekst fram til 2027 syner at skulen sin kapasitet er brukt opp i 2024. Brakkene som tidlegare blei brukt på Bryne u er plassert ved Bryne skule. Desse kan brukast som midlertidig løysing og har kapasitet for 56 elevar.

Barneskule Bryne	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Elevar	475	492	512	522	520	515	522	528	538	544	555
Kapasitet	525	525	525	525	525	525	525	525	525	525	525
Behov nye plassar	● 50	● 33	● 13	● 3	● 5	● 10	● 3	● (3)	● (13)	● (19)	● (30)

Kulturskulen

Time kulturskule har i dag ca 550 elevplassar. Kulturskulen er i dag lokalisert på Bryne skule noko som fordrar sambruk i forhold til lokalitetar. Veksten på Bryne skule medfører at det må sjåast etter nye lokalitetar for kulturskulen. Kulturskulen driv undervisning innan kunstneriske og kulturelle fag og tilbyr opplæring innanfor eit breidt spekter som musikk, dans/ballett, drama/teater, kunstoffag og skapande skrivning som krev ulike læringsrom for utøving.

Bryne ungdomsskule

Bryne ungdomsskule har etter utbygging kapasitet til 450 elevar. Skulen er delt inn i tre trinnområde som har kapasitet til 150 elevar per trinn etter ferdigstilt nybygg august 2017.

Klassetrinna på ungdomsskulen er nå på om lag 150 elevar, og vil få ein auka frå 440 til 468 i 2021. Bryne ungdomsskule har med utvidinga til 450 elevar utfordringar i forhold til behovet for hallkapasitet. Dette er midlertidig løyst gjennom leigeavtale om hall med Bryne FK. Når elevtalet går over kapasiteten på Bryne ungdomsskule står ny ungdomsskule med fleirbrukshall i Nordlysvegen ferdig. Samla vil desse to ungdomsskulane dekkja behovet for veksten ut over dei neste planperiodane.

Bryne u+ Nordlysvegen 2020	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Elevar	440	424	418	429	468	499	518	518	520	517	521
Kapasitet	450	450	450	675	675	675	675	675	675	675	675
Behov nye plassar	● 10	● 26	● 32	● 246	● 207	● 176	● 157	● 157	● 155	● 158	● 154

Frøyland skule

Frøyland skule har etter ferdigstilling av nybygg og fleirbrukshall kapasitet til å ta i mot 540 elevar.

Frøyland barneskule har kapasitet ut over planperiodane.

Barneskule Frøyland	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Elevar	378	389	388	388	385	394	386	392	401	409	419
Kapasitet	540	540	540	540	540	540	540	540	540	540	540
Behov nye plassar	● 162	● 151	● 152	● 152	● 155	● 146	● 154	● 148	● 139	● 131	● 121

Frøyland ungdomsskule

Frøyland ungdomsskule har ein kapasitet på 154 elevar. Etter framskrivinga, har skulen kapasitet fram til 2022. Når veksten går over kapasiteten i 2023 kan dette løysast gjennom sambruk med Frøyland skule.

Ungdomsskule Frøyland	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Elevar	117	115	136	141	154	149	169	171	180	170	169
Kapasitet	154	154	154	154	154	154	154	154	154	154	155
Behov nye plassar	● 37	● 39	● 18	● 13	● 0	● 5	● (15)	● (17)	● (26)	● (16)	● (14)

Hognestad skule

Elevtalsutviklinga ved Hognestad skule ligg i over og underkant av 90 elevar fram mot 2023. Deretter går elevtalet ned mot 80 elevar i siste planperiode.

Barneskule Hognestad	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Elevar	91	94	96	93	91	91	86	87	86	81	81
Kapasitet	136	136	136	136	136	136	136	136	136	136	136
Behov nye plassar	● 45	● 42	● 40	● 43	● 45	● 45	● 50	● 49	● 50	● 55	● 55

Lye skule

Lye skule har ein kapasitet på 350 elevar. Prognosen syner at skulen har god kapasitet dei to neste planperiodane.

Barneskule Lye	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Elevar	270	274	280	286	291	291	292	288	288	287	286
Kapasitet	350	350	350	350	350	350	350	350	350	350	350
Behov nye plassar	● 80	● 76	● 70	● 64	● 59	● 59	● 58	● 62	● 62	● 63	● 64

Lye ungdomsskule

Lye ungdomsskule har ein kapasitet på 180 elevar. Framskrivinga viser at elevtalet i 2017 er på det lågaste nivået, og vil mot slutten av andre planperiode i 2025 auka til 103 elevar.

Ungdomsskule Lye	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Elevar	79	80	90	94	93	98	100	107	103	105	102
Kapasitet	180	180	180	180	180	180	180	180	180	180	181
Behov nye plassar	● 101	● 100	● 90	● 86	● 87	● 82	● 80	● 73	● 77	● 75	● 79

Rosseland skule

Skulen har kapasitet for 525 elevar. Skulen er delt inn i basar med klasserom av ulik storleik. Samla er det dimensjonert for 75 elevar per base, med ulikt elevtal etter storleik på klasseromma. Prognosane viser at skulen i dag har fleire elevar enn kapasitet. Dette er i dag løyst ved at 7. trinn er flytta over til klasserom i Timehallen. Framskrivinga syner at veksten fortset å auka fram mot 2020 før den gradvis går nedover igjen frå 2021. Oversikta syner at skulen kvart år framover vil ha fleire elevar enn det skulen er bygd for.

Barneskule Rosseland	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Elevar	558	571	588	597	578	583	574	569	568	570	563
Kapasitet	525	525	525	525	525	525	525	525	525	525	525
Behov nye plassar	● (33)	● (46)	● (63)	● (72)	● (53)	● (58)	● (49)	● (44)	● (43)	● (45)	● (38)

Undheim skule

Undheim skule vil ikkje ha kapasitetsproblem i dei komande planperiodane. Barnetrinnet vil vera på om lag 110 elevar, medan ungdomstrinnet vil ha mellom 40 -50 elevar.

Barneskule Undheim	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Elevar	116	116	116	119	121	120	115	112	110	112	109
Kapasitet	128	128	128	128	128	128	128	128	128	128	128
Behov nye plassar	● 12	● 12	● 12	● 9	● 7	● 8	● 13	● 16	● 19	● 16	● 19

Ungdomsskule Undheim	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Elevar	40	46	41	45	46	49	52	51	52	47	47
Kapasitet	55	55	55	55	55	55	55	55	55	55	55
Behov nye plassar	● 15	● 9	● 14	● 10	● 9	● 6	● 2	● 4	● 2	● 8	● 7

Framtidige løysningar

Skulebruksplanen skal vera eit grunnlag for å vurdere og ta stilling til korleis ein vil planleggja for vekst på ein god måte. Innleiingsvis blei det gjort rede for kva tiltak som er gjennomført i tråd med Skulebruksplan 2014-2021, og kva område som ennå står uløyst.

Områda det må planleggjast for er:

1. Kapasitet for å handtera vekst i Bryne sentrum
 - Underkapasiteten på Rosseland skule
 - Komande vekst på Bryne skule
2. Ny symjehall
3. Lokalisering av Kulturskulen

Kommentarar til dei ulike punkta 1.-3.

Punkt 1. Kapasitet for å handtera vekst i Bryne sentrum

Oversikta til høgre syner at elevtalsveksten fordeler seg ulikt i Bryne sentrum. Begge skulane har kapasitt til 525 elevar. Per nå er det Rosseland som har underkapasitet. Denne vil auka og nå ein topp på 597 elevar i 2020 før den går nedover igjen til 563 elevar i 2027. Frå 2024 og framover syner framskrivinga at veksten vil koma på Bryne skule. I det komande tiåret fram mot 2027 fører dette til aukande underkapasitet og skulen har då 555 elevar, som er 30 fleire enn den er bygd for.

	2017	2020	2025	2027
Bryne skule	475	522	538	555
Rosseland skule	558	597	568	563

Oversikta til høgre er ei oversikt over kapasiteten i sentrum sett under eitt. Denne viser at det er behov for å finna ei langsiktig løysing som inkluderer ein vekst på 72 elevar i 2020 (kun Rosseland skule), 56 elevar i 2025 (Rosseland skule og Bryne skule) og 68 elevar i 2027 (Rosseland skule og Bryne skule). Ser ein 15 år fram i tid til 2032 viser framskrivingar som ligg i dei same prognosane ein underkapasitet på 70 elevar på Bryne skule, og 44 elevar på på Rosseland skule, til saman 114 elevar.

	2020	2025	2027	2032
Samla elevtalsvekst 1.-7.trinn i sentrum som er over total kapasitet	72	56	68	114

Punkt 2. Ny symjehall

Ny symjehall er omtalt i sak 046/17 som var oppe i kommunestyret 19.09.2017 «Moglegheiter for framtidig disponering av kommunale eigedomar mellom Rosseland skule og Hetlandsgata på Bryne». Her ligg det inne to alternative forslag som skisserer ny symjehall knytt saman med eksisterande Timehallen. Vedtak her blei at saka skal sjåast i samanheng med revidert skulebruksplan.

Punkt 3. Lokalisering av Kulturskulen

Behovet slik det har kome til uttrykk i arbeidet med sentrumsplanen er at lokalitetane til Kulturskulen må romma 15-20 mindre og større rom, samt øvingslokale for korps, musikk, dans og drama. Den bør leggjast i sentrumnære strok slik at flest mogleg elevar kan ha gang, sykkelavstand til skulen.

Lokalisering av Kulturskulen er og del av sak «Nye storstova-behov og moglegheiter» 047/17 som var oppe i Kommunestyret 19.09.2017. Her blei det vedteke at det skal gjennomførast ein moglegheitsstudie der ei av løysningane ein skal sjå på er: «**3. Storstova oppgradert og utbygd med multisal pluss øvingsrom m.m. for kulturskulen.** Same som alternativ 2, men i dette alternativet må salen gjerast større/annleis, samt at det må innplasserast øvingsrom m.m. til bruk for kulturskulen. I tillegg må det – i påbygget, eller i rådhuset, rett ved sida av – gjerast plass til kontor, møterom osb. for kulturskulen sin administrasjon. Om – og korleis – dette kan la seg løysa, vil den komande moglegheitsstudien gje svar på».

Moglege framtidige løysingar

I førre skulebruksplan var det planlagt for at Re skule skulle stå ferdig i 2019 for å ta framtidig vekst i sentrum. Dei endra forutsetningane som omhandlar nedjusterte tal i forhold til vekst, behovet for innsparingar og erverva tomt ved Time vidaregåande skule, har medført at det ikkje lenger er planar om ny barneskule på Re dei neste planperiodane.

For å dekkja behovet for elevtalsvekst i sentrum og lokalitetar for kulturskulen:

Alternativ 1. Rosseland blir bygd ut med ein kapasitet for 150 fleire elevar og eigne lokalitetar for Kulturskulen som skal stå ferdig i 2021.

For å dekkja behovet for elevtalsvekst i sentrum:

Alternativ 2. Rosseland skule blir bygd ut med ein kapasitet for 150 fleire elevar som skal stå ferdig i 2021.

For å dekkja behovet for symjehallskapasitet:

Alternativ 3. Det vert sett i gang planlegging av ny symjehall i tråd med framlagt forslag om disponering av kommunal eigedom og Hetlandsgata (Time vidaregåande skule-tomta).

For å dekkja behovet for lokalitetar til Kulturskulen dersom ein ikkje vel alternativ 1:

Alternativ 4. Kulturskulen. Vert del av oppgradert Storstova og utbygd med multisal pluss øvingsrom m.m for kulturskulen. Følgjer framdrift i eiga sak.

